



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 17/4530-7

## **Selskapskontroll av VIGO IKS - status august 2017**

### **Kontrollsjef rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Framlagd statusrapport vert teken til orientering

### **Vedlegg:**

- Statusrapport frå Konsek datert 9. august 2017

### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet mottok våren 2017 invitasjon frå Konsek (Kontrollutvalgssekretariat Midt-Norge IKS) om deltaking i ein selskapskontroll av VIGO IKS. Utvalet vedtok 30. mai i KU-sak 28/17 å delta i selskapskontrollen ved å stille inntil 50 timer med revisjonstenester frå SF revisjon IKS til rådvelde. Dette vart gjort i samråd med selskapet.

VIGO - nettstaden for deg som skal søkje vidaregåande opplæring i skule eller bedrift, fagskuleutdanning eller vaksenopplæring/realkompetanseurdering. VIGO er eigg av alle 19 fylkeskommunar i landet i tillegg til Oslo kommune. Selskapet skal ta hand om utviklinga av fylkeskommunen sine IT-system innan vidaregåande opplæring. VIGO IKS har to fast tilsette. I tillegg leiger ein inn 1,7 stillingar i året frå andre fylkeskommunar. Selskapet har eit styre og eit representantskap. Representantskapet består av eit medlem frå kvar fylkeskommune i tillegg til Oslo kommune.

Kontrollutvalet mottok 9. august ein statusrapport på framdrifta av selskapskontrollen. I e-posten vert det gjort merksam på at dette er ein uformell statusrapport.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Av statusrapporten gjekk det fram at det no er 13 kontrollutval so har vedteke å delta i selskapskontrollen. To utval har avslått, og tre har ennå ikkje handsama invitasjonen.

Det siste av dei utvala som ikkje har handsama invitasjonen ennå, vil ha saka på sakskartet 29. september.

Konsek skisserer ein vidare gang i arbeidet, som er slik:

- I månedsskiftet september/oktober tar Revisjon Midt-Norge initiativ til å etablere prosjektorganisasjonen sammen med de øvrige involverte revisjonsselskapene.
- Revisjonsselskapene utarbeider en prosjektskisse med problemstillinger, ressursbehov leveringstidspunkt/framdriftsplan etc.
- De deltagende kontrollutvalgene blir invitert til å gi sine innspill til prosjektskissen. Innspillene innarbeides i den endelige prosjektplanen.
- Gjennomføring av selskapskontroll/eierskapskontroll
- Ferdig rapport til kontrollutvalgene

SF revisjon IKS har tidlegare fremja ynskje om å få gjennomført dette oppdraget i løpet av hausten 2017, då det er mykje større påtrykk av arbeid om våren for selskapet. Det vil sannsynlegvis bli moglegheit for gjennomføring av lokale revisjonsoppdrag hausten 2017, då planen legg opp til at Revisjon Midt-Norge, som skal vere koordinerande revisjonseining, vil få på plass ein prosjektorganisasjonen i månadsskiftet september/oktober.

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å ta statusrapporten til orientering.